



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 21.01.2015
Møtestad: Kommunehuset - Børilden
Møtetid: 09:00 – 11:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordfører
Liv Ulvøy	V	Medlem
Ernst Stellberg	H	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jan Olav Osen, assisterande rådmann Olav Mongstad, avdelingsleiar Asbjørn Toft og sakshandsamar/jurist Thomas Lindås

Dato, 22.01.2015

Per Lerøy
ordfører

Jan Olav Osen
rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
001/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/15	Godkjenning av møteprotokoll
003/15	Meldingar
004/15	Delegerte saker
005/15	Orienteringssak
006/15	Kjøp av areal frå gbnr.149/1 til Austrheim kommune-Vegareal
007/15	Leigeavtale Langøy - Fritak for betaling av leige
008/15	Godkjenning av planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» med planid. 2008006-Detaljregulering
009/15	Tilsynsstrategi Austrheim Kommune 2015
010/15	Utviding av løyve på gbnr. 129/1 til tidlegare gjeve dispensasjon for oppgradering av jordbruksareal på Litlås
011/15	Søknad om deling av tomt til bustadføremål på landbrukseigedom gbnr. 131/9- Fønnes
012/15	Slutthandsaming - endeleg vedtak for kommuneplan - Samfunnsdelen
013/15	Søknad om etablerartilskot og lån

001/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

21.01.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 001/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/15: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

21.01.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 002/15 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

003/15: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

21.01.2015 FORMANNSKAPET

Det var ingen meldingar i møtet.

FS - 003/15 Vedtak:

004/15: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

21.01.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 004/15 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

005/15: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

21.01.2015 FORMANNSKAPET

-Rådmannen orienterte om at det vil bli søkt om kassekreditt på kr. 15.000.0000,-. Saka vil bli lagt frem til handsaming i neste kommunestyret.

Framlegg frå ordføraren:

Orienteringa vert teke til vitande.

Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 005/15 Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

006/15: Kjøp av areal frå gbnr.149/1 til Austrheim kommune-Vegareal

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune kjøper omlag 1,5 dekar av gnr. 149 bnr. 1 som areal til ny vegtilkomst til bustadstiftinga Furuly. Salet og arealoverføring vert betalt med kr. 20 pr. kvadratmeter, i denne saka vert det om lag kr. 30.000. Kostnaden på kr. 30.000 vert dekkja frå formannskapet si ekstrabevilgning ansvar 801.

21.01.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 006/15 Vedtak:

Austrheim kommune kjøper omlag 1,5 dekar av gnr. 149 bnr. 1 som areal til ny vegtilkomst til bustadstiftinga Furuly. Salet og arealoverføring vert betalt med kr. 20 pr. kvadratmeter, i denne saka vert det om lag kr. 30.000. Kostnaden på kr. 30.000 vert dekkja frå formannskapet si ekstrabevilgning ansvar 801.

007/15: Leigeavtale Langøy - Fritak for betaling av leige

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim formannskap gjev fritak for betaling av leige etter avtale datert 01.03.12 mellom Austrheim kommune og Ability investment & Venture AS.

21.01.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg frå ordføraren:

Austrheim formannskap viser til avtale av 1.3.12, 2.ledd der avtalen fell bort etter 1 år dersom området ikkje vert teke i bruk. Det er rimeleg at leige vert betalt for 1 år med kr. 25.000,-.

Framlegg frå H v/ Ernst Stellberg:

Det vert fakturert leige frå 01.06.12 til 31.12.14. Det vert rekna rente for forsinka betaling.

Framlegget frå rådmannen vart trekt. Framlegget frå ordføraren fekk 4 røyster og framlegget frå H v/

Ernst Stellberg fekk 1 røyst. (H)

FS - 007/15 Vedtak:

Austrheim formannskap viser til avtale av 1.3.12, 2.ledd der avtalen fell bort etter 1 år dersom området ikkje vert teke i bruk. Det er rimeleg at leige vert betalt for 1 år med kr. 25.000,-.

008/15: Godkjenning av planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» med planid. 2008006-Detaljregulering

Rådmannen sitt framlegg:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Austrheim kommune planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» med planid. 2008006. Plankart er datert 15.10.2014 og føresegner den 06.01. 2015.

21.01.2015 FORMANNSKAPET

Framlegg frå ordføraren:

Saka vert utsett. Det vert synfaring i saka og dialog med dei som arrangerer landbruksdagane.

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

FS - 008/15 Vedtak:

Saka vert utsett. Det vert synfaring i saka og dialog med dei som arrangerer landbruksdagane.

009/15: Tilsynsstrategi Austrheim Kommune 2015

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategien slik den ligg føre.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jamfør byggesaksforskrifta § 15-1.

21.01.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 009/15 Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategien slik den ligg føre.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jamfør byggesaksforskrifta § 15-1.

010/15: Utviding av løyve på gbnr. 129/1 til tidlegare gjeve dispensasjon for oppgradering av jordbruksareal på Litlås

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev utviding av tidlegare gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen for oppgradering av om lag 9 dekar jordbruksareal på følgjande vilkår:

1. Arbeidet i området skal ferdigstillast heilt innan 2 år etter oppstart.
2. Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til innhausting av gras.
3. Berre reine natur- og jordmassar frå BKK sitt anleggsområde for trafostasjon i Lindås og Austrheim kommune kan plasserast her.
4. Det skal vera ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
5. Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med fangedam o.l..
6. Køyning/dumping av massar skal føregå mellom kl 0730 og 1800 på kvardagar.
7. All tilkjøring av massar skal vera avslutta seinast 15. juni 2015. Massar kan berre tilkøyrast.
8. Dersom tiltaket skapar miljøproblem for naboar eller andre interesser kan Austrheim kommune oppheva omgåande dispensasjonsvedtaket.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF-området. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 .

21.01.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 010/15 Vedtak:

Austrheim kommune gjev utviding av tidlegare gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen for oppgradering av om lag 9 dekar jordbruksareal på følgjande vilkår:

1. Arbeidet i området skal ferdigstillast heilt innan 2 år etter oppstart.
2. Ved ferdigstilling skal området vera ferdig grøfta og sådd i og vera klar til innhausting av gras.
3. Berre reine natur- og jordmassar frå BKK sitt anleggsområde for trafostasjon i Lindås og Austrheim kommune kan plasserast her.
4. Det skal vera ein låsbar port inn til området som skal stengast kvar dag etter arbeidstida.
5. Avrenning frå jordmassane skal hindrast med filterduk/torv eller med fangedam o.l..
6. Køyring/dumping av massar skal føregå mellom kl 0730 og 1800 på kvardagar.
7. All tilkjøring av massar skal vera avslutta seinast 15. juni 2015. Massar kan berre tilkøyrast.
8. Dersom tiltaket skapar miljøproblem for naboar eller andre interesser kan Austrheim kommune oppheva omgåande dispensasjonsvedtaket.

Grunngjevinga for vedtaket er at tiltaket er positivt for framtidig landbruksdrift i dette LNF-området. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 .

011/15: Søkna om deling av tomt til bustadføremål på landbrukseigedom gbnr. 131/9-Fonnes

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon til deling for oppføring av bustad på gnr. 131/9 på Fonnes.

-Vilkår er at den frådelt tomten må knytta seg til den kommunaltekniske infrastrukturen i området når det gjeld VVA (veg, vatn og avlaup).

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

21.01.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 011/15 Vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon til deling for oppføring av bustad på gnr. 131/9 på Fonnes.

-Vilkår er at den frådelt tomten må knytta seg til den kommunaltekniske infrastrukturen i området når det gjeld VVA (veg, vatn og avlaup).

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

012/15: Slutthandsaming - endeleg vedtak for kommuneplan - Samfunnsdelen

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek, i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova § 11-15, Kommuneplanens Samfunnsdel 2015-2027 , versjon datert 12/1-15.

21.01.2015 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd med fylgjande endringar på side 5:

Overskriften vert: Viktige verdiar for Austrheim er:

Siste setning vert flytta øverst og vert:

Kjeneverdiar er:

Austrheim kommune skal vera tydeleg, ansvarleg og raus.

Overskriften: Kystlandsby, Kystbarnehage vert endra til Kystkultur.

Side 6: Teksten: Vår visjon er å planlegg for vert endra til Vår visjon er.

FS - 012/15 Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek, i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova § 11-15, Kommuneplanens Samfunnsdel 2015-2027 , versjon datert 12/1-15 med fylgjande endring:
Side 5:

Overskriften vert: Viktige verdiar for Austrheim er:

Siste setning vert flytta øverst og vert:

Kjeneverdiar er:

Austrheim kommune skal vera tydeleg, ansvarleg og raus.

Overskriften: Kystlandsby, Kystbarnehage vert endra til Kystkultur.

side 6: Teksten: Vår visjon er å planlegg for vert endra til Vår visjon er.

013/15: Søknad om etablerartilskot og lån

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim formannskap løyver kr. 25.000 til Arne Kästel til etablering av aksjeselskap innan lydproduksjon (lydstudio).

Løyvinga skal nyttast i samsvar med føremål angitt i søknaden.

Kr. 25.000,- vert løyvd frå post 147001003250 som tilskot.

Nødvendig dokumentasjon på bruk av midlane må leggjast fram før utbetaling av tilskotet.

21.01.2015 FORMANNSKAPET

Austrheim formannskap beslutta at saken vert gjort offentleg.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 013/15 Vedtak:

Austrheim formannskap løyver kr. 25.000 til Arne Kästel til etablering av aksjeselskap innan lydproduksjon (lydstudio).

Løyvinga skal nyttast i samsvar med føremål angitt i søknaden.

Kr. 25.000,- vert løyvd frå post 147001003250 som tilskot.

Nødvendig dokumentasjon på bruk av midlane må leggjast fram før utbetaling av tilskotet.
